

Kvifor ikkje ein fiskebåt?

22.07.2013



Familien Bjørnevik frå Skjoldastraumen i nærleiken av Haugesund har erfaring frå fleire slags båtar, Men aller best trivs dei med den båten dei har no - ein fiskebåt på 55 fot bygd i 1974. Den var i bruk til i 2006 i garn- og linefiske, sist i Nord-Norge. I ettermiddag ligg han i Uskedalen og neste mål er Norheimsund,

- Vi har før vore i Husnes og Rosendal men fant det fristande å freista Uskedalen denne gongen sier Egil, Liv Berit, Karina og Vilde som slikkar sol ombord i Hellarnes.

Dei er svært godt nøgde med båten både med omsyn til det tekniske og eigenskapar ellers. Men framfor alt peikar dei på at det er så god plass.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen